



SIM

Statsforvaltaren i Vestland
Statens hus
Kaigaten 9, 5020 Bergen

Vår ref.:
Ole Johannes
Støle

Dykker ref.:
Nina Vadøy

Dato:
Stord, 13. mai 2022

Søknad om auka rammer i løyvet for drift av avfallsanlegg for Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS på Heiane Miljøsentral

Løyvet gjeld avfallsaktivitet ved SIM sitt anlegg på Heiane, gnr. 46 bnr. 355 i Stord kommune, Meatjønnsvegen 43, 5412 Stord.

Søknad om auka rammer i løyvet:

SIM søker om å auka ramma for mottak og kverning av hushalds- og næringsavfall per år frå 30 000 tonn pr. år til 50 000 tonn pr. år.

SIM søker om å auke ramma for mottak og kverning av impregnert trevirke frå 600 tonn pr. år til 1500 tonn pr. år.

Søknad om auka lagringsmengd

SIM søker om å auke maksimal mengde (tonn) impregnert trevirke frå 60 til 90.

Bakgrunn for søknad om auka rammer i løyvet:

Behovet for å auka rammene er på bakgrunn av auka mengder avfall som SIM tek i mot.

For næringsavfall og hushaldsavfall har mengda avfall gradvis hatt ein årleg auke sidan 2012. I dag er heile kapasiteten i løyvet nytta. Me ser for oss ein vidare vekst i mengda avfall og har difor behov for å auka ramma i løyvet.

Løyvet for impregnert trevirke er også for lite i forhold til behovet. Dei siste åra har ein teke i mot meir impregnert trevirke enn øvre ramme i løyvet. Ein har difor vore i dialog med statsforvaltaren om å søkje om utvida rammer i løyvet. Koronapandemien er anslått å vere noko av årsaka til den store auken. Likevel ser ein for seg at ein også etter pandemien vil ha eit løyre som er for lite til behovet framover.

Endring av namn på anlegg

Anlegget løyvet viser til, Heiane Miljøsentral, er ikkje anlegget aktiviteten går føre seg på. Etter vårt syn er dette løyvenamnet misvisande. På området er det i dag miljøsentral, omlasteanlegg og

administrasjonsbygg. Me tenkjer det er rettast at løyvet skal heite: *Løyve til drift av avfallsanlegg for Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS på omlasteanlegget på Heiane.*

Skildring av aktiviteten på anlegget

Omlasteanlegget tek i hovudsak i mot avfall frå våre 7 miljøsentralar og avfall frå hushaldsruta for omlasting og videre transport til sluttbehandling. Hovuddelen av avfallet som kjem inn er frå private hushaldningar medan ein mindre del er næringsavfall. Maskinparken som vert nytta er 2 sorteringsmaskinar og 1 hjullastar. Omlasting av matavfall skjer i lukka konteiner ute, medan dei andre fraksjonane vert handtert innandørs. SIM har løyve til kverning, emballering og lagring av emballert avfall på området. Dette vert ikkje nytta i dag, og det er heller ikkje planar om å starte opp denne aktiviteten.

Konsekvensar for nærmiljøet ved auka rammer:

Meir avfall vil generere noko meir transport til og frå omlasteanlegget og er den største konsekvensen for nærmiljøet slik SIM vurderer det.


Drifta vil i hovudsak halde fram som i dag med 2 tilsette og hovudsakeleg vil driftsaktiviteten føregå på dagtid i normal arbeidstid vidare slik som i dag.

Nærrområdet:

Nærmaste naboar til området er industri som ligg like ved. Næraste private bustad er om lag 300 m frå anlegget.

I perioden ein har drifta omlastehallen og miljøsentralen har førekomenstn av klager på lukt eller støy frå området vore sjeldnare enn ein gong pr. år. Siste 3 åra er det ikkje registrert klager på lukt eller støy.

Stord, 13.05.2022



Ole Johannes Støle

Dagleg leiar